



NAV-leiarar  
Rådmenn  
Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

Deres ref:

Vår ref:

Vår dato:  
13.10.2016

## Høyringsfråsegn – myndige og løysingsdyktige NAV-kontor

### Bakgrunn

Vedlagt finn de vårt første framlegg til høyringsfråsegn til grunnlagsdokumentet «Myndige og løsningsdyktige NAV-kontor». Nedanfor vil de finne ein del av bakgrunnen for høyringsfråsegna og utfyllande informasjon rundt denne høyringsrunden.

Med Stortingsmelding 33 (2015-2016) «NAV i en ny tid – for arbeid og aktivitet» og rapporten frå ekspertgruppa som vart leia av Sigrun Vågeng som bakteppe, har Arbeids- og velferdsdirektoratet sett ned ei arbeidsgruppe for å greie ut dei framtidige rammene og føresetnadane for vidareutvikling av NAV-kontora. Arbeidsgruppa har sendt ut eit diskusjonsgrunnlag med frist for tilbakemeldingar innan utgangen av oktober. Grunnlaget er distribuert til kommunane via KS i tillegg til at NAV er oppfordra til å legge opp til lokale diskusjonar.

For å gi ei tilbakemelding til direktoratet har vi i vårt fylke også sett ned ei arbeidsgruppe. Denne er samansett av ein NAV-leiar frå kvar region, to fylkestillsvalde og to frå fylkesleiinga. Fylkesdirektøren leiar gruppa. Arbeidsgruppa har distribuert diskusjonsgrunnlaget til alle NAV-kontor og rådmenn, og har motteke tilbakemeldingar frå prosessane som har vore i kontora i tillegg til oppsummeringar frå samtalan NAV-leiarane har hatt med sine rådmenn.

Arbeidsgruppa har gått gjennom dei mottekne tilbakemeldingane og laga eit framlegg til høyringsfråsegn som følgjer nedanfor og som vi no ynskjer tilbakemelding/innspel på før endeleg fråsegn vert utarbeidd.

---

### NAV // NAV SOGN OG FJORDANE

Postadresse: Sognefjordvegen 56 // 6863 LEIKANGER

Besøksadresse: Sognefjordvegen 56 // 6863 LEIKANGER  
Tel: 57 01 55 20 // Faks: 57 01 55 21

www.nav.no // nav.sognogfjordane@nav.no

Framdrifta til arbeidsgruppa er slik:

- 1.oktober: Frist for første innspel til arbeidsgruppa
- 14.oktober: Utkast til fråsegn er sendt på høyring til NAV-einingane, rådmenn og andre det er naturleg å hente innspel frå
- 21.oktober: Frist for merknader og siste innspel til arbeidsgruppa
- 30.oktober: Høyringsfråsegna blir sendt AVdirektoratet

Når arbeidsgruppa har avgitt høyringsfråsegna vil denne danne grunnlaget for dei prosessane som vidare skal setjast i gang i fylket. Alt utviklingsarbeid skal skje i eit nært samarbeid i dei etablerte partnerskapa.

### **Viktige rammer for arbeidsgruppa sitt arbeid**

#### **1. Utfordringsbiletet for det framtidige myndige og løysingsdyktige NAV-kontoret**

Både i ekspertutvalet og i St.meld 33 (2015-2016) blir NAV og særleg NAV-kontora sine tenester vurdert opp mot det dei skal løysa – kva er det noverande og ikkje minst det framtidig utfordringsbiletet? Ein gjennomgang av innhald og organisering av velferdstenestene må ha dette perspektivet. Vi kan ikkje berre sjå kva vi har gjort, men først og fremst stilla oss spørsmålet korleis vi best kan stå rusta til å møte utfordringane dei neste ti-åra.

Stortingsmeldinga teiknar eit alvorleg utfordringsbilete der det store spørsmålet er: Korleis blir den framtidige balansen mellom tilgang og etterspurnad av arbeidskraft. Og korleis skal NAV ivareta einskildpersonar sine rettar og plikter, samtidig som arbeidsmarknaden sine behov skal stettast?

Kort oppsummert frå stortingsmeldinga:

- Den demografiske utviklinga vil medføre at forsørgingsbyrden, målt i tal ikkje-yrkesaktive i forhold til yrkesaktive vil auke – sjølv om ein lukkast med å auke yrkesaktiviteten i den eldre delen av arbeidsstokken og i tillegg lukkast med integreringspolitikken.
- Dagens migrasjonsbilete, med høg innvandring frå Asia og Afrika, stiller arbeidslivet, arbeids- og velferdsforvaltninga, kommunane og andre tenesteytarar overfor nye og store utfordringar.
- Menneske med helseutfordringar utgjør ein vesentleg del av arbeids- og velferdsforvaltninga sine brukarar. Utviklinga siste åra tyder på at vanskane startar i stadig yngre alder og at peronar med psykiske helseutfordringar er den raskast veksande gruppa.
- Utfordringsbiletet blir forsterka av at tilgangen på arbeidsplassar utan krav til yrkesutdanning eller anna formell utdanning er på rask veg ned.

Konklusjonen er at vi går mot eit stadig større underskot på arbeidskraft – ikkje minst innan dei kommunale pleie- og omsorgstenestene. Dette blir ein av hovudutfordringane framover som vi må ha med oss når vi skal drøfte korleis NAV-kontora skal sjå ut i framtida.

## 2. Kva er eit NAV-kontor?

Arbeidsgruppa legg til grunn at eit myndig og løysingsdyktig NAV-kontor handlar om korleis vi løyser oppgåvene og organiserer arbeidet, ikkje om det fysiske kontoret. NAV sine kontaktsentra og nav.no er slik sett ein vesentleg del av NAV-kontoret.

## 3. Forholdet til kommunane

NAV-kontora vart etablerte og blir drivne i eit partnerskap. Arbeidsgruppa forhold seg til at dette står fast og at diskusjonar om framtidig kontorstruktur skal skje imellom NAV og kommunane. Arbeidsgruppa legg også til grunn at mange av løysingane for betre tenester frå NAV-kontoret avheng av eit betre samarbeid mellom NAV-kontoret og andre kommunale tenesteeiningar.

Eg vil be om at merknader og innspel til fråsegna blir sende hit seinast 21. oktober.

Med helsing

Tore Thorsnes  
fylkesdirektør